



Ruvande hos Eidsvik: Nedsenkbar leker frå Eide

**- Vi hadde ikkje nokon jobb til han akkurat no og då var det praktisk å parkere han i venteposisjon i Uskedalen, seier Steinar Eide i Eide Marine Services i Høylandsbygd om gigantkonstruksjonen som i dag vart parkert hos Eidsvik. Det er ein nedsenkbar leker som er 110 meter lang og 45 meter brei og som i si tid var bygd i Kina.**

Kor lenge lekeren vert liggjande her i bygda er med andre ord heilt uvisst. Den hadde den siste jobben i Tyskland.

- Det vert altså ingen nye arbeidsplassar hos Eidsvik av denne plasseringa?  
 - Nei, ikkje med mindre at du kan skaffa oss nokre oppdrag! Men naturleg nok håpar vi at det ikkje vert så lang veentetid, seier Eide.

Folk som er godt orientert hstorisk sett sleg fast at det aldri før har vore ein så stor farkost ved nokon kai i Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen